

# GREV



**Av Knut Raastad, skrivi i 2004**

*Grev ligg i Nordherad, ved Vågåvatnet.*

*I følgje Norsk Gardsbruk har Grev vore i slekta sidan 1658. I 1726 fekk soknesprest Anders Munch kronskjøte på rydningsplassen Grev for 80 Rd. Han kjøpte bruket saman med andre gardbrukarar i Nordherad, for i 1728 er det presten saman med gardbrukarane på Vistegardane, Valdegardane, Fellese, Mo og Sande som bygsla bort plassen til Siwer Knudsen Grev på si levetid mot årleg avgift to Rd. Syver Grev hadde saman med faren sin rydda plassen. Dette vil seia at dei har starta før 1700, men ut frå namn kan dette vera oppattrydding av eit gammalt bruk.*

*Syver Knutsen Grev f. 1685 var gift med Sigrid Pedersdotter uppigard Lunde, dotter til Peder Anderssen og Gyda Simensdotter. Dei hadde barna*

*Knut 1714-1772, neste brukar*

*Peder, gift med Marit Pålsdotter, i Sandviken*

*I 1772 er det skifte etter Knut Syversen Grev 1714-1772. Han var gift med Rønnoug Jacobsdotter 1728-1789. Dei hadde barna*

*Sigri f. ca. 1755, gift 1781 med Ole Olsen Langøygarden f. 1748*

*Syver 1757-1834, neste brukar*

*Ingri eller Imbiør f. ca. 1760, gift med Jon Hansen Nyløkken under Storvik*

*Elie f. 1762, d. 1847, gift 1792 med Johannes Jonsson Turtum 1760-1840*

*Jacob f. 1766, gift med Mari Jonsdotter*

*Knut f. 1769*

*Rønnoug skifta buet sitt i levende live i 1785, og tok att føderåd:*

*a) 2 tønner korn, 1 mæle rug*

*b) For til ei ku og tre småkrøter "hvorav jeg selv beholder yngelen"*

*c) Ein liten åker i lykken der ein kan så 2 settinger korn. 2 settinger hampesædland, rett til å bryte opp åker på plassen som ho sjøl sår og haustar.*

*d) Eit par sko i året*

*e) Rett til å ha dottera Elie Knusd. heime hjå seg så lenge ho vil utan kostnad for sonen.*

*f) Varmt hus og rom i dei andre husa det ho treng. Røgt og pass i alderdom og sjukdom og sømeleg garavferd.*

g) Syver Knudsen skal ha ansvaret for yngste broren Knut til han er konfirmert. For det skal han ha det som er att etter henne når ho er død. Jakob Knutsen fekk utbetalt arven 19 rd 2 ort 1/9 sk i 1793, medan Knut Knutsen har kvittert på sin arv 14 rd 23 1/9 sk i 1797.

Syver Knutsen 1757-1834 overtok Grev i 1785. Han vart i 1784 gift med Rønnaug Johannesdotter Lye 1757-1814, dotter til Johannes Iversen f. Kvarberg 1724-1802 og Karen Jakobsdotter Lye 1723-1773. Dei hadde barna

Knut 1784-1814

Kari f. 1787, gift 1830 med enkjemann Ole Gundersen Langrusten f. ca. 1771

Johannes 1789-1854, gift med Brit Knutsdotter Storviksløkken f. 1788, i Grevrusten

Rønnaug f. 1791, ugift 1834

Anne 1793-1893, gift med Peder Olsen Øiseie 1795-1850, til Bakke under Einarsvoll

Kari 1797-1863, gift 1820 med Ole Olsen Håkåstadeie (Skårvang) f. ca. 1797, på (Sels-)Rusten

Syver 1799-1846, gift 1821 med Else Jakobsdotter Flaaten f. ca. 1794, på Nebbneshaugen

Syver Knutsen vart oppatt-gift med Mari Olsdotter.

I 1801 var Syver brukar av rydningsplassen Grev, og han har kanskje vore brukar til han døydde i 1834, eller til sonesonen Syver Knutsen vart gift i 1827. Eldste sonen Knut Syversen 1784-1814 døydde berre 30 år gammal, han vart gift i 1805 med Eldri Nilsdotter Visdal 1778-1828, dotter til Nils Rasmussen Visdal 1742-1820 og Else Hansdotter Strand 1749-1820. Knut og Eldri hadde sønnene

Syver 1807-1882, neste brukar

Nils f. 1811, gift med Imbjør Thorsdotter f. 1829 Lesja, dei budde i Ulsandstugu

Syver Knutsen 1807-1882 vart i 1827 gift med Mari Jonsdotter Trælviken 1804-1880, dotter til Jon Persen Nyrnes 1770-1855 og Imbiør Christoffersdotter Storvik m. f. 1781. Syver Knutsen fekk skjøte på Grev og vart sjølveigar i 1854. Syver og Mari hadde barna

Syver 1828-1895, neste brukar

Jon 1830-1907, gift med Anne Olsdotter Sagrusten 1852-1937, overtok Trælviken

Knut 1832-1914, utflytt Bergen 1854, gift med Anne Iversdotter Bjørviken 1833-1896, i Kjøpanger

Jakob 1837-1904, gift 1866 med Rønnaug Einarsdotter Sandneshagen 1838-1919, i Tunga

*Mari 1839-1899, gift 1861 med Østen Knutsen Sande 1837-1863, gift 1872 med IverJakobsen Lillesæter 1848-1924. I 1865 budde Mari i Grev saman med dottera Ingebor f. 1861 og sonen Syver 1863-1931. Syver budde også hjå besteforeldra i 1875.*

*Christoffer 1841-1925, gift med Kari Jørgensdotter Odde 1848-1926, overtok Grevrusten*

*Syver 1845-1904, gift 1871 med Imbiør Johannesdotter Smedsmo 1851-1885  
Ymbjørg 1845-1848*

*Ymbjørg 1852-1904, gift 1882 med Ole Olsen Storsteinrusten 1841-1927  
Knut f. 1832 budde i 1865 i Grev saman med kjerringa og barna Mari f. 1857 og Syver f. 1860.*

*Men i 1875 var det broren Syver som var kome attende og er da nemnd som gardeigar. Syver Syversen 1828-1895 var gift med Eldri Syversdotter nigard Berge 1838-1909. Dei hadde barna*

*Mari f. 1859, til St. James i USA i 1880, gift med John Syversen me-Strond  
Marit 1860-1919, til St. James i USA i 1883, gift med Knut Pålson Laingen  
Syver 1862-1934, til St. James i USA 1882, gift med syskjenbarnet Ragnhild  
Christoffersdotter Grevrusten 1869-1949*

*Imbiør 1865-1877*

*Eldri 1867-1891, ugift*

*John 1870-1930, til New York i USA i 1889, gift med syskjenbarnet Mari  
Christofersdotter Grevrusten 1875-1961*

*Anne 1872-1947, gift med Christian Mathisstad, 1866-1937, til USA*

*Kari 1875-1907, til New York i USA i 1889, gift med John Halvorsen*

*Iver 1878-1884*

*Christoffer 1880-1889, drukna i Vågåvatnet*

*Mathias 1883-1951, til USA i 1893*

*På grunn av økonomiske vanskar måtte Syver og Eldri i 1893 gå frå garden og reise til Amerika. Peder Knutsen overtok i 1893 og skreiv ut ein pantobligasjon til Vågå Sparebank på 2000 kroner. Peder f. 1831 var frå Skjellom og var gift med Eli Jakobsdotter Sæterdalen f. 1830. Dei var busette på Sæterdalen fram til 1870. Ei tid var Peder på Vestlandet og der tok han namnet Åre. Peder vart i 1894 oppattgift med Mariet Karen Pedersdotter Sanderaf på Fræna f. 1855.*

*Grev vart teke attende på odel, og i 1900 var det skjøte på Grev gnr. 91 bnr. 1 frå Peder Knudsen til Jakob Iversen Lillesæter for 3800 kroner. Jakob var frå Vetlsæteren og son til Mari Syverdsdotter Grev 1839-1899 og Iver Jakobsen Lillesæter 1848-1924. Jakob 1871-1946 var gift med Anne Erlandsdotter Berge 1873-1964, dotter til Erland Hansen Nyhus 1838-1923 og Live Olsdotter Mundhjeld 1848-1908. Dei hadde barna*

*Ivar 1901-1988, gift med Marit Hysing Olsen 1905-1987*

*Livø f. 1904, gift med Mathias Øien 1898-1946  
Erland 1915-1999, neste brukar*

*Erland overtok Grev etter faren med skjøte i 1946 for kr 5000,-, herav for lausøyre kr 2500,-. Erland gift med Johanne Mo f. 1920, dotter til Pål J. Mo og Kari Visdal, barna er*

*Anne f. 1952, gift med Nils Hesthagen f. 1949 frå Lom, dei bur på Gjøvik  
Pål f. 1854, neste brukar*

*Pål gift 1976 med Elin Hestdal f. 1956 frå Dovre overtok Grev i 1989. Dei har barna*

*Lene f. 1976, neste brukar  
Knut f. 1979*

*Pål og Elin overtok Mo i 1995 og flytte dit i 2003. Samtidig flytte dottera Lene til Grev, ho er gift med Rolf Arne Martinussen f. 1967. Dei har barna*

*Martinus  
Syver*

*Grev har seter på nørdrø Nistingen, denne vart rydda kring 1830.*

*I 1875 var det i Grev 1 hest, 1 ukse, 5 kyr, 5 kalvar, 27 sauer, 20 geit og 2 grisar. Dei sådde ½ tønne rug, vel 3 tønner bygg, litt erter og 5 ½ tønner poteter. Ti år før var det 10 kyr i Grev.*

Kjelder: J.Kolden 2000: Bygdebok for Lom 1, s. 195  
J.Kolden 2002: Bygdebok for Lom 2, s. 92, 128  
M. Høgåsen, Årbok 1956: Han Nils Grev, s. 58  
Kåre Bakke, Årbok 1999: Grev-karane, s. 99  
P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, s. 18, 111-116  
K.B.Storvik 1999: Draumen om eit bedre liv, s. 89  
Norske Gardsbruk 1953 - 1998  
Panteregister/grunnbok  
Folketelling 1801, 1865, 1875  
Utskrifter pantebøker  
Utskrifter skifteprotokollar